



Ella Karina Hjørnevig teikna våren slik i Gamleskulen laurdag og med den teikninga vann ho tevlinga.

**Turngruppa i Uskedalen driv godt og er kreativ. Laurdag inviterte dei til fire timers barnekafe i Gamleskulen og det vart eit vellukka arrangement sjølv om det var barneskirenn i Fjellhaugen samstundes, med god deltaking frå Uskedalen.**

Faktisk var det rundt rekna 70 små og store innom Gamleskulen og det seier initiativtakarane seg svært godt fornøgde med. Det var rikeleg og velsmakande servering av lappar, bollar, vaflar og kaker med saft og kaffi attåt. Alt kosta berre 15 kroner medan det var ein tiar for drikke.

Samveret hadde ein høg sosial faktor Og ikkje nok med det: Det bles vårlege vindar denne dagen og dei forplanta seg inn i Gamleskulen. Der vart det avvikla ei teiknetevling under mottoet 'Vår' med premiar til dei tre beste.

Fem og eit halvt år gamle Ella Karina Hjørnevig gjekk til topps og premien var eit gipsegg som ho skal dekorera sjølv. Andreklassen som var to små egg, også dei udekorerte, var det fem år gamle Saima Døland som sikra seg. Tredjepremien, som var ei malebok, vart vunne av Celine Musland, som også er fem.

Inntekta av barnekafeen går til eit betydeleg innkjøp av utstyr til barnetrimmen og idrettsskolen og det vart ein netto på 1.800 kroner denne gongen.

Av Ola Matti Mathisen



KJellaug Myklebust saman med Amund (1 1/2 år) Hella Berge-Soldal og Petter Myklebust (snart to år) under barnekafeen i gamleskolen laurdag føremiddag. Ho er mormor til Amund. (Foto: Ola Matti Mathisen)